

## Særskilde avtalevilkår for privatkunder

Leveringsvilkår mellom kunde og Kvam Kraftverk AS, heretter (KK), for levering av kraft.

Energi Norge og Forbrukerombudet si « Standard avtale for levering av elektrisk kraft » gjeld for kontraktsforholdet mellom KK og kunden. Ved motstrid mellom dei generelle bransjevilkåra og dei særskilde vilkåra som følgjer av denne kontrakten, går sistnemnde før.

### Generelt

- a) Ved bestilling gjev kunden KK fullmakt til å:
- Iverksetja og melda inn leverandørbyttet til nettselskapet/elhub.
  - Innhenta nødvendige opplysningar for å gjennomføra leverandørbyttet.
  - Meld ut- og innflytting til nettselskapet/elhub ved flytting. Sjølv om avtalen med nettselskapet vert inngått av KK i samsvar med fullmaktene over, vert kunden fullt ut part i kontraktsforholdet med nettselskapet.
  - Innhenta måleverdiar innan kl 09:00 etterfølgjande dag, dersom kunden har installert AMS (avansert målersystem).
- b) Dersom AMS ikkje er installert, må KK motta målarstand frå kunde for å kunna starta straumleveransen. Målarstanden må ikkje vera eldre enn 20 dagar.
- c) Personopplysningar vert behandla i samsvar med vår personvernerklæring.
- d) Kunden er sjølv ansvarleg for å melda frå til KK om endring i adresse, e-postadresse og mobilnummer.

### Leveringsvilkår

- a) «Standard kraftleveringsavtale», framforhandla av Forbrukerombudet og bransjeorganisasjonen Energi Norge, samt særvilkår, gjeld for kontraktsforholdet, med mindre anna går fram av den einskilde avtalen eller anna spesielt skriftleg grunnlag.
- b) KK har rett til å føreta kredittvurdering av kundar og kunna avslå/ avslutta leveranse eller kreva garanti eller forskotsbetaling frå kundar der det er sakleg grunn for det.
- c) Straumleveransen frå KK startar vanlegvis 2-10 dagar etter at avtalen er inngått. Kraftleveranse som erstattar leveingspliktig kraftleveranse frå nettselskap, kan få oppstart inntil 30 dagar tilbake i tid.
- d) I tilfelle der kunden har angrerett, gjev kunden KK høve til å iverksetja oppstart før utgangen på angrefristen. Dersom kunden likevel nyttar seg av angreretten, må kunden betala for straumen som vert levert fram til leveransen er avslutta.

- e) Før flytting, må kunden ta kontakt med KK for vidarføring av straumavtalen. Dersom flytting vert meldt seinare enn 30 virkedagar etter innflytting/overtaking av ny straummålar, kan nettselskap krevja at kunden kjøper leveransepliktig straum av nettselskapet før straumleveransen frå KK kan starta igjen. Årsaka til dette er at nettselskapet pliktar å levera straum til kundar som står utan straumleverandør.
- f) Vi tek atterhald om prisendringar som følgje av endringar i dagens offentlege avgifter/pålegg, og endringar i rammevilkår og anna for straumsalsverksemd i sluttbrukarmarknaden.
- g) Prisar vert oppgjevne inklusiv meirverdiavgift.
- h) KK kan endra priselementa (faste månadlege beløp og påslag) og avtalevilkåra med 1 månads varsel. Dette vert formidla enten ved direkte skriv til kunde, ved kunngjering på heimeside eller på annan eigna måte. Preiselementa kan justerast årleg i høve til endring i konsumprisindeksen, siste 12 månader, utan nærare varsel.

## Fakturering

- a) Fakturering/ avrekning skjer i høve til NVE si «Forskrift for måling og avrekning og samordnet opptreden ved kraftomsetning og fakturering av nettjenester».
- b) Det vert sendt felles faktura for kraft og nettleige, dersom KK har avtale med kundens sittnettselskap om gjennomfakturering. Ellers vil kunden få eigen nettleigefaktura frå sitt lokale nettselskap.
- c) Kundar vert avrekna etterskotsvis kvar månad basert på reelt forbruk.
- d) Dersom faktura ikkje vert betalt ved forfall, vil KK iverksetja innfordringstiltak og inkasso. Forseinkingrenter og evt. gebyr vil verta lagt til i etter gjeldande lovverk.
- a) Dersom kunden ved opphøyr av kundeforholdet har noko til gode hos KK, vert berre beløp over kr 50,- utbetalt.

## Betingelsar for straumavtalane våre

### Straum til Spotpris

Spotpris består av områdeprisen i spotmarknaden (NordPool), pluss påslag og fastbeløp. Spotprisen er timebasert og varierer i takt med tilbod og etterspurnad. I påslaget er den myndighetspålagte avgifta elsertifikat inkludert.

Prisar finn du på heimesidene våre.

Avtalen går til den vert sagt opp. Begge partar kan fritt seia opp avtalen med 14 dagars varsel, utan at det ligg føre krav om sakleg grunn.

### Fastpris

Avtalen gjeld fast kWh-pris for ein avtalt periode, pluss eit fastbeløp pr mnd. I prisen er den myndighetspålagte avgifta elsertifikat inkludert. Avtalen inneber ei gjensidig forplikting og kan ikkje seiast opp i avtaleperioden, med mindre kunden ønskjer å kjøpa seg fri frå kontrakten, mot å dekke KK sitt tap som følgje av at leveransen ikkje vert fullført. Minimumsbeløpet for frikjøp er kr 1000,-. Dersom kunden ikkje har inngått ny kraftavtale før avtaleperioden er gått ut, vil kunden få levert straumavtalen Spotpris.

Angrefrist: Du har 14 dagars ubetinga angrerett etter bestilling.

Prisar finn du på heimesidene våre.

### Standard variabel pris

Standard variabel pris tar utgangspunkt i spotprisen på kraft, men prisen vert sett for ein periode fram i tid. I prisen er den myndighetspålagte avgifta elsertifikat inkludert. Prisendringar vert varsla direkte til kunde.

Prisendringar på Standard variabel kraftpris vert varsla 14 dagar på førehand:

- som SMS til alle kundar som har registrert mobilnummeret sitt hjå oss
- på nettsidene våre: [www.kvam-kaftverk.no](http://www.kvam-kaftverk.no)
- på Forbrukerrådetsine nettsider: [www.strømpris.no](http://www.strømpris.no)

Avtalen går til den vert sagt opp. Begge partar kan fritt seia opp avtalen med 14 dagars varsel, utan at det ligg føre krav om sakleg grunn.

### eKunde

Variabel pris med krav om efaktura. eKunde tek utgangspunkt i spotprisen på kraft, men prisen vert sett for ein periode fram i tid. I prisen er den myndighetspålagte avgifta elsertifikat inkludert. Prisendringar vert varsla direkte til kunde.

Prisendringar på eKunde vert varsla 14 dagar på førehand:

- som SMS til alle kundar som har registrert mobilnummeret sitt hjå oss
- på nettsidene våre: [www.kvam-kaftverk.no](http://www.kvam-kaftverk.no)
- på Forbrukerrådetsine nettsider: [www.strømpris.no](http://www.strømpris.no)

Avtalen går til den vert sagt opp. Begge partar kan fritt seia opp avtalen med 14 dagars varsel, utan at det ligg føre krav om sakleg grunn.